

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Deres ref.: 200804249
Saksbehandler: FMA
Vår ref.: 10/8109
Dato: 22.03.2011

Miljøverndepartementet - Høring av NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring

Helsedirektoratet har, i samarbeid med Folkehelseinstituttet, deltatt i vurderinga av helsekonsekvensar i utgreiinga. Det blir her gitt noen kommentarar der klimatilpassing vert sett i samanheng med beredskapsarbeidet i kommunane og regionane.

Direktoratet har her først og fremst vurdert dei delane av utgreiinga som gjeld helse- og sosialberedskap, del III, kapittel 8. Vi har og sett på del IV, kapittel 13.1.2. Utgreiinga har ei heilskapleg tilnærming til dei utfordringane og konsekvensane det norske samfunn står overfor som følgje av klimaendringar gitt føresetnadane i modellgrunnlag og framskrivingar. Det materialet som utgreiinga baserer seg på tyder ikkje på at det er nokon ekstraordinære utfordringar og konsekvensar for beredskap på helse- og sosialområdet på grunn av klimatilpassing så langt ein kjenner til i dag.

Det synes å vere dei indirekte konsekvensane av klimatilpassing som helse-, omsorgs- og sosialtenestene må følgje særskilt godt med på. Helsedirektoratet merkar seg som positivt at utgreiinga legg vekt på beredskapsførebuingar som følgje av den gjensidig integrering mellom ulike samfunnssektorar. Sektorar som er vare- og tenesteleverandørar til helse- og omsorgssektoren kan få langt større behov for klimatilpassingar enn denne sektoren sjølv. Det er difor naudsynt at helse-, omsorgs- og sosialtenestene er merksame på desse forholda ved innkjøp, kontraktar m.v slik at tenestene forsikrar seg så langt råd er om at leverandørane også kan levere i ekstraordinære situasjonar.

Vassforsyning og vasskvalitet (smittevern) er eit unntak frå overståande, og som er gitt god omtale i utgreiinga både under helse og infrastruktur. Det same gjeld behovet for at helsetenestene får auka sin kunnskap og kompetanse på identifisering av eventuelt nye sjukdomar.

Helsedirektoratet merkar seg som svært positivt at risiko- og sårbaranalysar som verkty for ei systematisk identifisering av risiko og kva slags påkjenningar klimaendringane kan medføre, samt analysar av sårbare områder i den einskilde sektor eller verksemd, er gitt god omtale i utgreiinga.

For det som gjeld samfunnstryggleik på lokalt nivå, er det kommunane som har

Helsedirektoratet • Divisjon folkehelse

Avd. lokalt folkehelsearbeid
Finn Martinsen, tlf.: 24 16 34 99

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050
Faks: 24 16 30 01 • Org. nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

hovudansvaret både for beredskapsførebuingar og handtering av krisesituasjonar (kapittel 13.1.2.). Vektlegging av behovet for styrka heilskapleg tilnærming og samordning lokalt er viktig. Direktoratet vil minne om lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr 56 med tilhøyrande beredskapsføresegn som eit viktig heimelsgrunnlag for det som skal skje på lokalt og regionalt nivå.

Vennlig hilsen

Ole Trygve Stigen e.f.
avdelingsdirektør



Finn Martinsen
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk